

## Folketru om verknad av flo og fjøra.

I eldre folketru vart ny og nea, flo og fjøra tillagt stor vekt. Sumt arbeid skulde gjerast ved fullmåne og flo, anna ved nymåne og fjøra. Soleis skulde ein jamt slakta ved fullmåne og flo sjø, då rann blodet betre av. Sameleis måtte ein få svinet medan det flødde, so gjekk svinetoka betre av. På flødande sjø vart det lettare å få røytehåri av barkahudene. Men ein måtte koka kurven ved fjøra sjø, då sprakk han ikkje so lett.

Når husdyr skulde gjeldast laut det gjerast når sjøen fjøra, elles kunde dei lett forblø seg. Vanleg er og den tru at det er lettare å raka seg på flo sjø enn på fjøra. Dertil kommer og at um ein skar seg vilde det blø meir på floi. Hårvoksteren vart og rikare når ein klypte seg på floi.

Ugras som høymopla, var lettare å riva upp med roti når det flødde, soleis og med eine og lyng. Det var og lettare å få borken av tre på floi, enn når det fjøra. Men treskoved skulde ein hogga når det fjøra elles vilde han klovna. Med annan emingsved var det samleis.

Steinen i hellebrot var lettare å støkkja på flo, so det laut ein ansa um. So var det lettare å spa leir på floi. Men ein skulde jamt mura på fallande sjø, då sprakk murverket mindre.

Alt fiske gjekk og best på flo sjø. Fjøremakk er lettast å finna når sjøen flør.

Ein skulde og så korn i veksande måne når det flødde.

Når kyr kalva, skulde dei mjølkast fyrste gongen med det flødde. Ein skulde og alltid kinna på flødande sjø, so vart rjomen aldri tråkinna. Når dei steikte mjølkekaker eller frumsakakor, måtte det gjerast med det flødde so losna dei lettare frå panna. Det heiter elles um mange slags mat at han blir betre når han er koka på flo sjø. Jamvel kaffi skulde ein brenna med det flødde, då auka han mest.

Hassel til tunneband skulde dei hogga på flo, so rann det betre uppat. Det same galdt um lauvtre som ein styvde.

Månefylgjet kunde kjennast på so mangt. Soleie skulde steinen vera lettare å slå og kløyva på flo, likeins tre. Isen svall da, men var hardare og hålare på fjøra. På flo vart alt lausare. Difor gjekk hår, bus, skjegg og ru lettare på floi. Mest alle ting var lettara å gjera på fløande enn fallande sjø. Soleis klæsvask, tarmrensing, skolding, tymbberløyping. Grass er lettare å skjera på flo. Men pløigjing av gamal eng skulde gjerast med sjøen fall.

Når husdyr skulde gjeldast, laut det gjerast når sjøen fjøra, elles kunde dei forblø seg. Vanleg er og den tru at det er lettare å raka seg på flo sjø enn på fjøra. Dertil kom og at um ein skar seg vilde det blø meir på floi. Hårvoksteren vart og rikare når ein klypte seg på floi.

No er det, ikkje allebygder som rekk havet, so dei kan vita av sjøen korleis det er med flo og fjøra. Då hadde innlandsbygdene og sine merke. Vanleg meinte ein å kunna sjå flo og fjøra på katteugo og geitaugo. Det svarte i augo, pupillen, er rundare ved flødande sjø Papillen vaks og med floi. Eit anna merke var at håri på kobbeskinn reiste seg når det flødde, men la seg flatt når det fjøra. Vidare er det sagt at veidemenn kunde kjenna flodi på det at det då var lettare å lata vatnet. Flo og fjøra hadde og verknad i andre greiner. Soleis meinte dei at dyr som laupte på floi vilde fløyta seg, men seinka seg um dei laupte når det fjøra. So trudde dei og at alle dyr fødde ved flotid sameleis med kvinnor. Iminste gjekk fødselen lettare ved flo enn fjøra.

Born som var fødde på flo, trudde dei hadde betre lukka enn dei som føddest når det fjøra. Samleis var dei kalvane best som var fødde på floi. Kalvar som var fødde på fjøra sjø var ikkje på setjande.

Liksom nytt liv helst føddest på flo sjø, soleis vil dauden lettast koma når det fjærar, slik var trui. Det er i bokheimen nemnt lækjarar som hev kontrollera dette, og funne ein merkeleg samanheng.

Det som her er prenta er i hovudsak efter Nils Lid: «Norske slakteskikkar».